

SULDAL KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnummer	Utval	Møtedato
045/14	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	03.04.2014

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
S11	Bjarte Skipevåg	05/1825 14/3572

UTTALE TIL NVE OM 6 SMÅKRAFTVERK

Forslag til vedtak:

Suldal kommune viser til rådmannens utgreiing, og gir følgjande uttale:

1. Kommunen frårår løyve til planen for Tysse kraftverk grunna naturinngrep i eit større urørt vassdrag og avgrensa samfunnsnytte lokalt. Vis det vert gitt løyve til å byggja ut Tyssevassdraget bør dette skje på ein måte som gir større samfunnsnytte lokalt, i samsvar med Suldal Elverks uttale.
2. Viss løyve vert gitt til bygging av Bråtveit Kraftverk meiner kommunen det må setjast følgjande vilkår om avbøtande tiltak:
 - Regulering av Stora Kvednavatnet må gå ut av planen
 - Over kote ca 275 må røyrgata leggjast i profilbora tunnel, og utan vegbygging.
3. Viss løyve vert gitt til Tysdal kraftverk i Brattlandsdalen meiner kommunen det må setjast vilkår om røyrgate i profilbora tunnel som avbøtande tiltak mot landskapsinngrepa, og at utbygging bør skje etter alt. A, utan regulering av fjellvatna.
4. Kommunen har ikkje merknadar til bygging av Sabakkelva kraftverk i Valskår.
5. Kommunen har ikkje merknadar til bygging av Nyastøljuvet kraftverk i Kvilldalsdalen.
6. Kommunen har ikkje merknadar til bygging av Bjerga kraftverk.

03.04.2014 UTVAL FOR LANDBRUK, MILJØ OG TEKNIKK (LMT-UTVALET)

Kart vart delt ut.

Ola Hauge var ugild i denne saka som grunneigar i omtala område.

Utvalet vil vera med på eventuell synfaring.

Forslag frå Hans Erik Svennes, Frp:

1. Kommunen har ikkje merknad til bygging av Tysse kraftverk i Tyssevassdraget
2. Kommunen har ikkje merknader til bygging av Bråtveit kraftverk
3. Kommunen har ikkje merknader til bygging av Tysdal kraftverk

Forslag frå Berit Fyljesvoll Haugslund, Sp:

Etter lokalt i 2. setning:

1. Skogvegstandard på heile strekket
2. Støyreducerande tiltak for hyttefelt
3. Utnyttar meir fallhøgt for å få ei meir samfunnstenleg utbygging
..... og elles i samsvar med Suldal Elverk sin uttale

Forslag frå Bjørn Egil Nerheim, Krf.

Punkt 1, punktum etter lokalt i første setning.

Røysting:

Forslag frå Hans Erik Svennes punkt 1: 1 røyst

Forslag frå Bjørn Egil Nerheim: 1 røyst

Forslag frå Hans Erik Svennes punkt 2: 1 røyst

Forslag frå Hans Erik Svennes punkt 3: 1 røyst

Rådmannen si innstilling: ingen røyster

Forslag frå Berit Fyljesvoll Haugsland: 2 røyster

Ved likt røystetal er det møteleiaren si røyst som er avgjerande.

Punkt 4,5, og 6: Samrøystes

LMT-045/14 VEDTAK:

Suldal kommune viser til rådmannens utgreiing, og gir følgjande uttale:

1. Kommunen fråår løyve til planen for Tysse kraftverk grunna naturinngrep i eit større urørt vassdrag og avgrensa samfunnsnytte lokalt. Viss det vert gitt løyve til å byggja ut Tyssevassdraget bør dette skje på ein måte som gir større samfunnsnytte lokalt, skogvegstandard på heile strekket, støyredukerande tiltak for hyttefelt, utnytta meir fallhøgde for å få ei meir samfunnsstenleg utbygging og elles i samsvar med Suldal Elverk sin uttale.
2. Viss løyve vert gitt til bygging av Bråtveit Kraftverk meiner kommunen det må setjast følgjande vilkår om avbøtande tiltak:
 - Regulering av Stora Kvednavatnet må gå ut av planen
 - Over kote ca 275 må røygata leggjast i profilbora tunnell, og utan vegbygging.
3. Viss løyve vert gitt til Tysdal kraftverk i Brattlandsdalen meiner kommunen det må setjast vilkår om røyrgate i profilbora tunnel som avbøtande tiltak mot landskapsinngrepa, og at utbygging bør skje etter alt. A, utan regulering av fjellvatna.
4. Kommunen har ikkje merknader til bygging av Sabakkelva kraftverk i Valskår.
5. Kommunen har ikkje merknader til bygging av Nyastøljuvet kraftverk i Kvilldalsdalen.
6. Kommunen har ikkje merknader til bygging av Bjerga kraftverk.

Sand, 21.03.2014

Øyvind Valen

Rådmann

Oppfølging: Bjarte Skipevåg

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	03.08.2006	Naturforvalteren AS v/Bengt . Tovslid	KOMMUNEDELPLAN FOR SMÅKRAFTVERK
3	I	16.01.2010	Forum for natur og friluftsliv	SMÅKRAFTPLANLEGGING I ROGLAND
4	U	29.01.2010	Karl Andreas Knutsen	VEDK. FØRESPURNAD OM SMÅKRAFTVERK I KOMMUNEN
5	I	20.04.2010	Fylkesmannen i Rogaland	SMÅKRAFTVERK, KONSESJONSVILKÅR OG
6	I	22.04.2010	Landbruksavdelinga Fylkesmannen i Rogaland	LOKALT EIERSKAP SMÅKRAFTVERK, KONSESJONSVILKÅR OG
7	I	30.05.2010	Sissel K. Tengesdal og Øyvind Steinskog	LOKALT EIERSKAP - JØLSTER KOMMUNE INNSPEL TIL PLAN FOR SMÅKRAFTVERK I SULDAL
8	I	18.01.2013	Fylkesrådmannen i Rogaland	KOMMUNE REGIONALPLAN FOR SMÅ VANNKRAFTVERK I ROGALAND
9	I	15.03.2013	Norges vassdrags- og energidirektorat	OPPSTART AV BEHANDLING AV SMÅKRAFTSØKNADAR I SULDAL OG SAUDA
10	I	21.03.2013	NVE	KOMMUNAR SMÅKRAFTSØKNADER I SULDAL OG SAUDA - SPØRSMÅL OM SENTRALE ALLMENNE INTERESSER
11	I	03.01.2014	Norges vassdrags- og energidirektorat	FLEIRE SØKJARAR - SØKNAD OM LØYVE TIL BYGGING AV FLEIRE SMÅKRAFTVERK I SULDAL OG SAUDA KOMMUNE -
12	I	23.01.2014	Statens Vegvesen	HØYRING - FRIST 31.03.2014 SØKNAD OM LØYVE TIL BYGGING AV FLEIRE SMÅKRAFTVERK I SULDAL OG SAUDA KOMMUNE - FLEIRE SØKJARAR - HØYRING - KOPI AV BREV TIL NVE
14	I	20.02.2014	Tormod Skeie	OFFENTLEG HØYRING AV SØKNAD OM LØYVE TIL 9 SMÅKRAFTVERK I SULDAL OG SAUDA KOMMUNER - TYSSEELVA KRAFTVERK - MERKNAD
13	I	24.02.2014	Noregs vassdrags- og energidirektorat	FLEIRE SØKJARAR - SØKNAD OM LØYVE TIL BYGGING AV FLEIRE SMÅKRAFTVERK I SULDAL OG SAUDA KOMMUNAR - OPPDATERT OVERSIKTSKART

16	I	03.03.2014	Reidun Førland	MERKNAD TIL KONSESJONSSØKNAD TYSSEELVA KRAFTVERK
15	I	03.03.2014	Rune Hogsrød	MERKNAD TIL KONSESJONSSØKNAD TYSSEELVA KRAFTVERK
17	I	12.03.2014	Fylkesrådmannen i Rogaland	SULDAL OG SAUDA KOMMUNER - SØKNAD OM LØYVE TIL BYGGING AV FLEIRE SMÅKRAFTVERK - INNSIGELSE MED FORSLAG TIL LØYSING I GFORHALD TIL AUTOMATISK FREDA KULTURMINNER HØYRING AV SØKNAD OM SEKS SMÅKRAFTVERK I SULDAL
20	U	14.03.2014	Erik Walter Vold; Torbjørn Normark; Lars Eikemo; Leiv Einar Drarvik	
19	U	14.03.2014	NVE Auen Korbøl	SMÅKRAFTVERK I SULDAL - SØKNAD OM UTSETT UTTALEFRIST
21	I	20.03.2014	Korbøl NVE v/Auen	SMÅKRAFTVERK I SULDAL - SØKNAD OM UTSETT UTTALEFRIST

Vedlegg

Ein viser til www.nve.no/vannkraft der ein finn alle søknadsdokument for samtlege kraftverk
 Uttale frå Suldal Elverk av 1.02.14
 Uttale frå Tormod Skeie d.s.26.02.14
 Uttale frå Reidun Førland og Rune Hogsrød d.s.3.03.14

Samandrag

Planar for 6 småkraftverk i Suldal er send på høyring av NVE. Rådmannen frårår løyve til Tysse kraftverk, under visse føresetnader. For Bråtveit kraftverk og Tysdal kraftverk tilrår rådmannen at det vert sett vilkår om at røyrkata må leggjast i tunnel, som avbøtande tiltak mot landskapsinngrepa, og at regulering av fjellvatn må gå ut av planane. For Sabakkelva kraftverk, Nyastøljuvet kraftverk og Bjergaelva kraftverk tilrår rådmannen ingen særlege merknadar.

Fakta

NVE har mottatt søknadar om å løyve til å byggja 9 småkraftverk i Sauda og Suldal, som dei sender på høyring samla. 6 av desse ligg i Suldal:

1. *Tysseelva kraftverk.* Søkjar: Småkraft AS. Vassdrag: Tysseånå i Erfjord. Produksjon 17,2 GWh/år. Inntaket ligg på kote 420, ca 400 m nedanfor utløpet av Ullsvatnet (ca 495 m.o.h.). Ingen magasinering/regulering av vatnet i planen. Kraftstasjon på kote 80 mellom Rød og Tysse, ca 80-100 m frå hyttefelt. Minstevassføring 80/50 l/s sommar/vinter, lågvassføring berekna til 85 l/s. Røyrkata nedgroven gjennom skogsmark. Den eksisterande skogsvegen/stien vil i delar av traseen bli nytta som anleggsveg til kote 225, herifrå ny anleggsveg 250 m lang inn til inntak. Reduksjon av INON-område: 1100 da. Eigartilhøve: Det er fremma jordskiftesak for felles utnytting av fallet der Fokus Bank, Arvid Dahl og Rune Hogsrød sine bnr er med.

2. *Bråtveit kraftverk*. Søkjar: Bråtveit Kraft (SUS). Vassdrag: Kvednånå i Bråtveit. Produksjon: 11,4 GWh/år. Planlagd minstevassføring 20 l/sek = lågvassføring. Alternativ 1: Inntak i Kvedndalen på kote 660 i form av betongdam ca 21 m lang og ca 7,5 m høg, oppdemt magasin ca 3,84 da/195 m³. Alternativ 2: Inntak på kote 480 med 105 m³ magasin. Kraftstasjon på kote 75, like innanfor Kvednaflåto. Inntak av sidebekk i Kvedndalen etter takrenneprinsippet. 1330 m røyrgate nedgroven der det let seg gjera, dei siste (øvre) 180 m gjennom tunnel (alt.1). Alt. 2: 923 m røyrgate. Magasin i Stora Kvednavatnet 1020 m.o.h. med total reguleringshøgde 2,5 m, bygd som betongdam 25 m lang og 3,6 m maks høgde. Vatnet har vore regulert før med eksisterande steindam, + 1,5 m. Reduksjon av INON-område: Ved reglring av Kvednavatnet – 3,84 km², utan reglring – 0,61 km².
3. *Tysdal kraftverk*. Søkjar: Haugaland Kraft AS. Vassdrag: Tysdalselva og Åsheimsbekken i Brattlandsdalen. Produksjon: 7,9 GWh/år. Kraftverket vil få 2 inntak, i Tysdalselva og i Åsheimsbekken med nedgravd røyrgate i Y-form. Kraftstasjon ved RV 13. Røyrgate gjennom skog, ca 30 m rydningsbelte. Hovudalternativ A er å byggja utan reguleringsmagasin, alt. B passiv reglring 1 m i Tysdalsvatnet og Hestakvelvtjødn, 777 og 792 m.o.h. Minstevassføring som vil oppretthalda biol. liv og vassdraga som landskapselement. Anleggsveg langs røyrtraseen til begge inntaka vil bli fjerna. Reduksjon av INON-område: Alt. A ca 1,5 km², alt. B ca 3 km².
4. *Sabakkelva kraftverk*. Søkjar: Blåfall AS. Vassdrag: Sabakkelva i Valskår. Produksjon 9,9 GWh/år. Inntak på kote 566 i utløpet av Vasstølvatnet ved Vasstøl, som har vegtilkomst i dag. Inntaksdam i betong ca 15 m lang ca 2 m høg, ingen magasinering. Kraftstasjon like nede ved Hylsfjorden, ca 600 m innafor Valskårsaga, tvers over for Tengesdal. Røyrgate ca 2100 m nedgroven gjennom skog. Det må byggjast ca 1400 m ny veg ned til kraftstasjonen. Minstevassføring 15 l/sek tilsvarar lågvassføring. Reduksjon av INON-område 0,12 km².
5. *Nyastøljuvet kraftverk*. Søkjar: Fjellkraft AS. Vassdrag: Kvilldalsånå i Kvilldalsdalen. Produksjon: 3,4 GWh/år. Inntak på kote 628 i "innløpet" til Nyastøljuvet med betongdam 10 m lang og 3 m høg. Kraftstasjon på kote 605 ved Lauvastølvatnet. Røyrgate 322 m nedgroven, korav dei øvre 250 m i eksisterande veg. Minstevassføring 200/40 l/sek sommar/vinter. Ingen reduksjon av INON-område.
6. *Bjergaelva kraftverk*. Søkjar: Bekk og Strøm AS. Vassdrag: Bjergaelva, Hylsstronda. Produksjon: 13,7 GWh/år. Inntak i Bjergaelva på kote 480 m, utan trong for vegtilkomst. Kraftstasjon på kote 105 i Bjergsjuvet, like nedanfor brua på vegen til Indre Bjerga. Røyrgate gjennom profilbora tunnel frå inntak til kote 375, herifrå 600 m nedgroven gjennom vekslande, bratt skogsterreng samt over beite. Det er bygd skogsveg som fører opp til borepunktet for røyrgate ved kote 375. Planlagt minstevassføring tilsvarande berekna lågvassføring 40 l/s. Reduksjon av INON-område 0,83 km². Nedre del av vassdraget er utbygd tidlegare (Bjergaelva kraftverk).

Samla produksjon av dei 6 kraftverka vil bli 63,5 GWh/år. For yttarlege detaljar viser ein til NVEs nettsider.

NVE skriv at dei ønskjer mest mogeleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Særleg der søknader vert handsama i grupper ønskjer NVE synspunkt på den samla belastninga. Vis partane er kjende med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden ønskjer NVE opplysningar om det. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Lover, føresegnar, rundskriv

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8, med unntak av Bråtveit kraftverk som skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

I Klimaplanen gjeld følgjande retningslinjer for bygging av småkraftverk:

1. Retningslinjer:

- 1.1.1. Alle søknader om kraftutbygging skal sendast aktuelt grendautval til uttale
- 1.1.2 Kraftverk bør ikkje berøra areal over skoggrensa.
- 1.1.3 Søknader om utbygging i landskapsvernområde vil bli frarådde når dei går ut over verneføremålet.
- 1.1.4 I vatn som fungerer som magasin, bør det berre tillatast ei lita regulering utover tidlegare eller naturleg regulering, til dømes pluss/minus ein meter.
- 1.1.5 Ein må ta særleg omsyn til utforming i område nytta til rekreasjon og fritidsføremål.
- 1.1.6 Ein må ta særleg omsyn til utforming i verna vassdrag og i område der kulturlandskap eller naturkvalitetar er viktige.

2. Vilkår:

- 2.1 Det skal til vanleg krevjast minstevassføring slik at ein unngår turrleggjing av vassstrengar, med unntak av vassdrag som er naturleg turrlagde i lengre periodar i normalår.
- 2.2 Det skal settast strenge krav til demping av støy.
- 2.3 Ein skal så att sår i terrenget med naturleg vegetasjon så langt det let seg gjera.

Samtlege 6 kraftverk m/inntak og røyrgate ligg i generelt Lnf-område. For Tysseelva og Bråtveit kraftverk ligg nedre delar av verka innafor Område for spreidd hyttebygging. Bråtveitgrenda er prioritert område i kulturminneplanen ("Plan for skjøtsel av kulturminne i Suldal").

Stora Kvednavatnet (Bråtveit kraftverk) ligg innafor Dyraheio landskapsvernområde. Registreringa "Vakre landskap i Rogaland": Tysdal kraftverk ligg innafor det registrerte området Brattlandsdalen – Nesflaten. Bråtveit kraftverk ligg innafor det registrerte området Bråtveit – Mostøl. Tysse kraftverk ligg innafor det registrerte området Indre Erfjord. Nyastøljuvet kraftverk ligg innafor det registrerte området Kvilldalsdalen.

Innkomne uttalar

I samsvar med vedtekne retningslinjer har kommunen bede dei aktuelle *Grendautvala* om uttale. Event. merknadar frå Grendautvala vil føreliggja til møtet.

Suldal Elverk uttalar (som netteigar) at Tysse kraftverk kan vera ei beredskapsreserve og at styring av kraftverket kan gå inn i den lokale krisehandsaminga. Kraftverket vil ha stor verdi for leveringssikkerheten i Jelsa-området, noko som vil vera særst gunstig for industriområdet på Berakvam (Norsk Stein). I uttalen heiter det at søknaden frå Småkraft gjeld eit reint elvekraftverk utan nokon form for regulering (av Ullsvatnet). For at kraftverket skal ha full verdi som reserveforsyning er det avgjerande at det uavhengig av nedbør kan verta liggjande eit visst magasin med ei vassmengd som ikkje skal rørast utan at den ordinære straumforsyninga i området fell ut, For Elverket er det viktig at dette momentet blir teke med i kommunens uttale til konsesjonssøknaden.

Tormod Skeie, eigar av garden Rød, *Rune Hogsrød* eigar av Tysse bnr 1 og hytteeigar *Reidun Førland* har gitt uttale til *Tysse kraftverk* der dei går mot planen. Dei grunngjev dette m.a. med verdien av urørt natur/vassdrag, støy, utanbygds eigarskap, elva er sjølgjerde mellom Tysse og Rød. Tormod Skeie påpeikar at garden Rød vil få store sår etter utbygginga som for ein stor del vil føregå på hans grunn, utan at han til dessar er blitt kontakta av utbyggjar. Heller ikkje har han fått stilt i utsikt kva kompensasjon bruket vil få ut frå avtale frå 1912, eller kva varige vegar bruket kan få.

Arvid Dahl, eigar av Tysse bnr 2, er positiv til planen for Tysse kraftverk.

Vurdering og konklusjon

Tysse kraftverk. Suldal kommune gjekk i 2002 mot planar for utbygging av Tyssevassdraget m/regulering av Ullsvatnet grunna store naturinngrep og uklare eigartilhøve på fallrettane. Det vart vist til at vassdraget er eit av dei få større ikkje verna i kommunen utan tekniske inngrep.

Rådmannen viser til innkomne merknadar til denne planen. Suldal Elverk er opptekne av leveringssikkerheten, til Jelsaområdet generelt og industriområdet på Berakvam spesielt. Elverket meiner dette momentet ikkje er godt nok ivareteke med dei planane Småkraft har lagt fram. Elverket meiner at i ei utbygging av Tyssevassdraget bør det inngå magasinering; inntak med dam og ca 1 m regulering i Ullsvatnet.

Rådmannens vurdering av planen er at eigartilhøva på fallrettane nå er avklart. Røyrkata vil hovudsakeleg gå gjennom homogent skogsområde, rikt på lausmassar slik at røyrkata kan leggast utan for store inngrep og såra vil raskt kunna legast. Innsyn til røyrgate, inntak og kraftstasjon er avgrensa. Rådmannen er samd med Elverket i at slik utbyggingsplanen nå ligg føre ivaretek den ikkje den viktige samfunnsoppgave den kunne løyst med ei meir omfattande utbygging: Sikker straumforsyning i området generelt og til Norsk Stein spesielt.

Rådmannen meiner at kraftstasjonens plassering nær hyttefelt er uheldig med tanke på støy, noko som må avklarast. Tilhøva som Tormod Skeie tek opp om manglande dialog med utbyggjar, kompensasjon etc. er etter rådmannens syn av privatrettsleg karakter og fell ikkje inn under tilhøve kommunen skal uttala seg om.

Primært, ut frå ei samla vurdering, vil rådmannen frårå løyve til planen slik den ligg føre. Ein viser då til kommunens uttale i 2002, kombinert med lita samfunnsnytte lokalt og kraftstasjonens lokalisering nær hyttefeltet.

Sekundært meiner rådmannen at vis det *likevel* skulle bli gitt løyve til utbygging av vassdraget bør det vera ei utbygging i samsvar med Elverket sin uttale, slik at den samfunnsnyttan kraftverket kan ha lokalt kan realiserast. Rådmannen meiner med det at vis vassdraget først skal «ofrast», bør det byggjast ut slik at samfunnsnyttan vert optimal. Ei utbygging med inntak i ein dam i Ullsvatnet, med regulering inntil 1 m vil ikkje vera avgjerande sett opp mot samfunnsnyttan, vis størstedelen av vassdraget nedanfor vert utbygd.

Bråtveit kraftverk. Lia mellom kraftstasjonen og inntaket er bratt og ufør, dels grunnlendt og dels med fjell i dagen, eit terreng i «hylleform». Lia er sterkt eksponert mot Bråtveitgrenda, mot Suldalsvatnet og mot RV13. Rådmannen finn at bygging av røyrgate i dagen og ca 1,9 km veg til Kvedndalen vil medføre mykje sprenging med følge store sår i eit landskap med stort innsyn. Rådmannen tilrår at dersom løyve vert gitt vert det sett vilkår om at øvre del av røyrkata, gjennom det brattaste terrenget frå kote 275, vert lagt i profilbora tunnel i fjellet, utan vegbygging. Reguleringa av Stora Kvednavatnet er i strid med kommunens retningslinjer ved at tiltaket ligg godt over skoggrensa, er større enn 1 m, og ligg innafør landskapsvernområdet, og må difor etter rådmannens syn fråstå.

Tysdal kraftverk. Rådmannen finn at tiltaket vil medføre ein del uheldige inngrep i landskapet, som har stort innsyn frå Brattlandsdalen og frå RV13. Lia der røyrkatene vil bli lagd er gjennomgåande grunnlendt skogsmark eller fjell i dagen slik at røyrkata for ein stor del vil måtta sprengast. Dette vil medføre store sår som det tek lang tid å lega. Fossen i Tysdalselva vil få redusert vassføring. Kommunen har tidlegare gått mot utbygging av Flesåno lenger oppe i dalen der redusert vassføring i den markerte fossen var hovudargumentet. Men Flesåfossen er vesentleg større og ligg nær RV13 og rasteplassen. Ut frå ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at vis det vert gitt løyve til Tysdal kraftverk bør det vera med vilkår om røyrgate i profilbora tunnel som avbøtande tiltak mot landskapsinngrepa. Alt. B omfattar regulering av Tysdalsvatnet og Hestakvelvtjødn, som ligg over skoggrensa. Dette er ikkje i samsvar med kommunens retningslinjer, og dette alternativet bør difor etter rådmannens syn fråstå.

Sabakkelva kraftverk. Røyrkata vil hovudsakeleg gå gjennom homogent skogsområde, rikt på lausmassar slik at røyrkata kan leggast utan for store inngrep og såra vil raskt kunna legast. Ny tilkomstveg til kraftstasjonen vil løysa ut mykje hogstmoden skog. Vassstølvatnet skal ikkje regulast. Rådmannen tilrår ut frå dette ingen særlege merknadar.

Nyastøljuvet kraftverk. Området er frå før prega av Ulla-Førreutbygginga i form av det sterkt regulerte Lauvastølvatnet, anleggsvegar, kraftlinje, høg betongdam og hyttefelt. Rådmannen vurderer ut frå dette at inngrepa som følgje av planen kan akseptrast slik den ligg føre, sjølv om det ligg over skoggrensa.

Bjerga kraftverk. Rådmannen finn det positivt at øvre del av røygata går i tunnel, og vurderer planen slik at røygata, der den går i dagen, vil hovudsakeleg gå gjennom homogent skogsområde, rikt på lausmassar slik at røygata kan leggjast utan for store inngrep og såra vil raskt kunna legast. Rådmannen tilrår ingen særlege merknadar.